

Lars Dahle og den gassisk-lutherske kyrkjas frihet og sjølvstendighet

Av Sigmund Edland

Eg vil begynna med to øyeblikksbilder frå 1974: Som nyutklekka misjonær, stod eg ein dag og leda distriktskomitéen i Mandoto (vest for Antsirabe). Eg hadde blitt oppmerksam på at sør for vårt «kristne» område, låg det eit stort område med spredt befolkning av Bara-stammen. Det hadde vore gjort spreidde forsøk på å evangelisera der tidligere, men Bara-stammen er oftast svært avvisande til evangeliet, så alt arbeid hadde gått i stå for lang tid sidan. Og nå ville eg ha distriktet med på å prøva å starta opp arbeid der på ny. Det måtte vera kyrkja si oppgave å ta seg av sine hedenske naboer, meinte eg.

Då reiste ein av dei mest ansette leidarane i distriktet seg. Nei, sa han, misjonsoppgaven hadde ein overlatt til misjonen (NMS) for lenge sidan, så det var ikkje kyrkja si oppgave, dersom ikkje misjonen betalte arbeidet. Det sokk i meg over mangelen på misjonssyn i ein ung menighet. Og sjølv om det nok var eindel varmhjarta prester og evangelister som var enige med meg, så kom vi likevel ingen veg med «menighetens misjonsengasjement» då.

Det andre øyeblikksbildet er henta frå forhandlingane om ein ny samarbeidsavtale mellom misjonen (NMS) og kyrkja (FLM), som vart haldne i Tulear sommeren 1974. Det var NMS som hadde foreslått forandring av avtalen, men det viste seg snart at FLM ville gå mykje lenger enn NMS hadde tenkt.

Det blir fortalt at då forhandlingane om misjonens integrering under kyrkjas ledelse blei «heit», så sa vår hovedtalsmann, misjonssekretær Thor Thorbjørnsen, at det var skikk og bruk ved all prutting og kjøpslåing at begge parter måtte fira på krava sine («mandefitra» på gassisk). Ellers ville ein ikkje bli enige. Men til nå hadde bare NMS firt på sine krav i forhandlingane, så ein venta at også FLM ville fira på sine. Då kom det kvasst frå FLM's generalsekretær, pastora Rakotomalala: «Izahay dia efa nandefitra 100 taona!» (Vi har alt måtte fira på våre krav i hundre år!) Det argumentet kunne ikkje NMS visa bort, så FLM fekk viljen sin i det meste dei kravde.

Kva har så *Lars Dahle* å gjera med desse to hendingana mest 90 år etterat han slutta som aktiv misjonær på Madagaskar? Kanskje meir enn vi vil tru, for det var han som staka ut kursen for arbeidet og styrte utviklinga i mest 50 år.

Vi skal i tre artikler ta for oss Dahles betydning for Madagaskars kyrkjehistorie:

1. Som aktiv misjonær 1870 – 1887.
2. Som NMS's generalsekretær, 1889 –1920.
3. Linjene fram til i dag. 1920 – 1982.

1. Lars Dahles innsats som aktiv misjonær

Lars Dahle hadde alt under studietida merkt seg ut framfor dei andre elevane ved misjonsskulen. Han var òg bondeson med lærerutdanning, slik som dei fleste av elevane, men han viste seg så mykje skarpare enn desse at han blei tatt ut av misjonsskulen og sendt til Universitetet i Christiania for å studera vidare eit par år. I tillegg fekk han ein kortare studietur til Tyskland og Sveits før han drog til Madagaskar i 1870 – eitt år etter studiekamerata- ne. Han kunne ikkje ta nokon offisiell eksamen ved universitetet sidan han ikkje hadde artium, men han samla mykje kunnskap, særleg i orientalske språk (hebraisk, arabisk, syrisk og kaldeisk). Denne særbehandling som Dahle fekk, har nok vore med på å styrkja hans sjølvbevissthet og sjølvrådighet.¹

På veg til Madagaskar stansa Dahle og reisefylgle hans i Durban. Dei drog opp til Entumeni stasjon, og Dahle blei ordinert der av biskop H.P.S. Schreuder den 2. juni 1870.² Alt då viste det seg visse uoverensstemmelser mellom Dahle og Schreuder. Etter det Dahle sjølv fortel gjaldt det først og fremst forskjeller i kyrkjessyn og embetsforståelse.³ O.G. Myklebust har derimot påvist at desse to ikkje var så uenige i kyrkjessyn osv. Begge var konfesjonelle lutheranere.⁴ Men det som dei blei svært uenige om seinare, var kven som skulle styra misjonsarbeidet på Madagaskar.

På tross av uenigheten, såg Schreuder stort på Dahles evner, og han viste han tillit ved å be han slå seg ned i hovedstaden og starta ein presteskule der. Opplegg og undervisning kunne han ordna slik han fant det mest tenleg.⁵

Det var eit genialt trekk Schreuder her gjorde. Han hadde nok under sine besøk på Madagaskar i 1867 og -69 sett litt av kva vanskjer den engelske misjonen (London Missionary Society) sleit med. Først etter 50 års kyrkjeleg arbeid på Madagaskar fekk des-

se starta ein presteskule.⁶ Dei hadde derfor store mengder dårlig opplærte predikantar, og arbeidet bar preg av dette.

Nå fekk NMS starte sin presteskule etter bare fem års arbeid i landet. Dette ga oss heilt frå starten av ein stor flokk solid utdanna innfødte som gjekk inn i arbeidet og la grunnlaget for den eksplasive framgangen som misjonen fekk oppleva i 1880-åra.

Det er ingen tvil om Dahles store andel i dette arbeidet, både som styrar (1871–76), som faglærer (1876–1886) og ikkje minst som lærebokforfatter. Hans bøker har vore brukte i teologiundervisninga i mannsaldrar.⁷

Men Dahles første år på Madagaskar var ikkje problemfrie. Dei interkonfessionelle forholda var vanskelege sidan den lågkyrkjelege engelske misjonen (LMS) gjorde kva den kunne for å få denne brysomme lutherske biskop-misjonen bort frå innlandet. Dei kravde heile innlandet som sitt interessefelt. Dahle fekk ta sin del av denne striden. Stor betydning fekk det at han gjorde felles front med LMS mot Jesuitanes katolske propaganda. I nokre artiklar han skreiv i LMS sitt menighetsblad, viste han seg som protestantismens skarpaste forsvarar. Det betydde også mykje for LMS at biskop Schreuder gjekk ut av NMS. Avstanden mellom dei to misjonane minka mykje då NMS innførte ei demokratisk styreform då Dahles konferanseforslag blei sett i verk (1877).

Men det var forholdet til hans eigne kolleger som var vanskelegast. I dei første åra NMS arbeidde her (1866–1869), hadde dei tre misjonærane (Engh, Borgen og Nilsen) leda arbeidet saman. Dei tok alle avgjerder i fellesskap – i korrespondanse med biskopen i Sør-Afrika. Men då Schreuder kom med store forsterkninger i september 1869, innsette han Christian Döderlein Borchgrevink som sin stedfortreder eller prost. Han skulle leida det daglige arbeidet, og all korrespondanse frå misjonærane skulle gå gjennom han. Som biskopens «agent» blei han plassert i hovedstaden for å ivareta misjonens interesser overfor staten osv. Det var delvis på grunn av vår politisk usikre stilling at dette blei nødvendig. Sverige/Norge hadde på den tid ingen diplomatisk forbindelse med Madagaskar, og det var derfor vanskeleg for dei gassiske myndighetene å anerkjenna våre misjonærer. Men biskop Schreuder hadde skaffa seg engelsk borgerbrev, og han kunne derfor skyta seg inn under den engelsk/gassiske traktaten. Ved hjelp av den engelske konsulen Pakenham, fekk han i stand ein avtale om at inntil ein fekk istand ein norsk/gassisk traktat, så

Dahle med sitt grøvste skyts, og dei to hadde nekta å ta mot brev frå kvarandre.

På generalforsamlinga blei biskopens oppseiling mottatt – mot fem stemmer. Men Konferanseforslaget blei utsett til neste generalforsamling (1876). Saka var tydeligvis ikkje moden ennå, hverken i Norge eller på Madagaskar. Ved å forsera saka ville ein ikkje bare risikera å få vanskar med opinionen heime. Ein ville også risikera å missa Borchgrevink, som hadde vist seg som ein av våre nyttigaste misjonærar. Med universitetsutdannelse både i medisin og teologi var han utan samanlikning den best utdanna av misjonærane. Og hans legepraksis i Tananarive var til uvurderleg hjelp for kollegane. Dessuten var den ei viktig kontaktflate til dei leidande klassane i landet. Ja, ting tyder på at det var Borchgrevinks legepraksis som hindra regjeringa i å senda NMS bort frå arbeidsfeltet i innlandet då den innflytelsesrike engelske misjonen pressa på som verst i begynnelsen av 1870-åra.

I Tananarive må det ha kome til ei åpen og reell forsoning mellom Dahle og Borchgrevink våren 1873.¹⁷, og frå nå av tyder alle kjelder på at desse to kunne samarbeida godt på alle felt. Borchgrevink fekk også hjelp av biskop Folkestad for sine samvittighetsproblem med preste-eden, slik at også han kunne godta den nye konferanseordninga då den blei vedtatt i 1876.

Men Schreuder følte seg urettferdig behandla – kanskje ikkje uten grunn – og han fortsette derfor polemikken mot hovedstyret etterat generalforsamlinga hadde avsett han. Denne polemikken gjekk tildels føre seg i Morgenbladet og andre Oslo-aviser. Dette førte til at også Borchgrevinks følte seg uthengt og fant å måtta bryta forbindelsen med Schreuder.¹⁸

Vi kan ikkje her gå inn på alle sider ved Schreuder-striden. Det hadde jo vore gnissinger mellom han og hovedstyret heilt frå starten av. Vi vil heller ikkje påstå at det var Dahle áleine som var skuld i Schreuders brudd med NMS. Derimot er det klart at den utlösande faktoren til dette bruddet var nettopp Dahles eigenrådige og illojale oppførsel overfor dei kyrkjelege myndigheter som var etablerte i misjonsarbeidet ute – slik vi har skissert ovanfor. Ei slik oppførsel måtte føra til splittelse i einkvar samanheng.

Sidan Dahle var i pakt med dei sterkeste straumdraga i norsk kristenliv på den tida og dessuten hadde Dons og hovedstyret bak seg, gjekk han seirande ut av striden. Han blei misjonshelten og arbeide seg snart fram til ledande stillingar i NMS, mens Schreu-

der blei taparen. Men det viste seg snart at Dahle sin leidarstil var like autoritær som biskopen sin. Demokratiet vart ikkje så reellt etterat Dahle tok taumane heller – særleg då han vart generalsekretær og samla all makt i sine hender.¹⁹

Då konferanseordningar var vedtatt og gemytta hadde roa seg ned, vart den første ordinære misjonærkonferansen halden på Ambohimasina i mai 1877. Av dei 21 misjonærane med stemmerett (alle menn) stemte 17 for Dahle som tillitsmann, 2 for Borchgrevink og 2 stemte ikkje. til visetillitsmann blei Borchgrevink valgt med 17 stemmer. Og desse to kom nå til å styra misjonen på Madagaskar dei neste 35 åra. Etter Dahles 10 år som tillitsmann overtok nemleg Borchgrevink i 1887, og han fyllte jobben til 1912 bare avbrote av eit to-års heimeopphald. Og Dahles direkte innflytelse strekte seg like til han gjekk av som generalsekretær i 1920.

Om Dahles innsats som tillitsmann er det mykje godt å seia. Han overtok etter ein periode med godt og grundig grunnleggingsarbeid, men uten større nominell framgang. Nå fekk han leida utviklinga då områda i Betsileo opplevde ein veldig folkebevegelse mot kristendommen i begynnelsen av 1880-åra, med ein voldsom kyrkjeleg ekspansjon. Dahle leida utviklinga med stø hand, og tok mange kloke initiativ i denne tida. Hans leidarposisjon var det ingen diskusjon om. Alle erkjente hans enorme arbeidskapasitet og solide kunnskaper på mange felt. Utenom tillitsmann-jobben var han heile tida lærer ved presteskulen. Dessutan var han ein av hovedkritikarane ved det store bibeloversettelsesarbeidet som alle protestantiske misjoner gjennomførte i åra 1873–87. Dahle fekk sett igjennom at ein skulle laga ei vitenskapeleg oversetting etter grunnspråka. Og sidan han var den einaste av kommisjonen som var godt skolert i hebraisk, vart han eit viktig reidskap i dette arbeidet.

Etter 17 års samanhengande arbeid på Madagaskar, søkte han om heimreis i 1887. Helsa var ikkje så god lenger, så han meinte eit Norgesopphold ville gjera godt. Då hovedstyret fekk den søknaden, kalla dei han til å overta som generalsekretær for NMS. Dahle aksepterte, og gjekk dermed over i eit nytt avsnitt av si teneste for misjonen. Men hans innflytelse over utviklinga i den gassisk-lutherske kyrkja vart ikkje mindre ved det, som vi skal sjå i neste artikkel.

NOTER

1. O.G. Myklebust: H.P.S. Schreuder. Kirke og Misjon. Oslo 1980. side 319.
2. Lars Dahle: Tilbakeblik på mit liv. Bind I. Stavanger 1922. s. 231.
3. Dahle: Tilbakeblik. Bind I. s. 232f.
4. Myklebust: Schreuder. s. 315f.
5. Dahle: Tilbakeblik. Bind I. s. 254–55.
6. L. Munthe: Ny Kolejy Loterana Malagasy nandritry ny 100 taona. Antananarivo 1971. side 9.
7. Hans «Dogmatik» blei brukt som grunnbok i mest tre mannsaldrar – og blir ennå konsultert. Og «Arkeolozia Biblika», som er ei jødisk kulturhistorie er ennå hjelpebok på pensumslista på presteskulen.
8. Sjá kopi av dokumentet side 291 i: F. Birkeli: Politikk og Misjon. Oslo 1952.
9. F. Birkeli: Det Norske Misjonsselskaps historie. Bind IV. Stavanger 1949. side 70.
10. Dahle: Tilbakeblik. bind II side 100f.
11. Birkeli: Politikk og Misjon. s. 387.
12. Birkeli: Anf. skr. s. 326.
13. Birkeli: Anf. skr. s. 388f.
14. Birkeli: Anf. skr. s. 389f.
15. Birkeli: Anf. skr. s. 394.
16. Birkeli: Anf. skr. s. 397.
17. Birkeli: Anf. skr. s. 394.
18. Birkeli: Anf. skr. s. 400f.
19. Myklebust: Schreuder. s. 318–320.